

Vidare prosess

Forhandlingsmøta er opne møte som vil bli kunngjort på lik line med andre politiske møte.

Når forhandlingane er ferdige vil det - dersom partane blir samde - ligge føre ein intensjonsavtale for ein ny kommune. Innhaldet i den framforhandla avtala vil bli gjort kjent for innbyggjarane i kommunane.

Innhaldet i intensjonsavtala (eller avtalene dersom det blir fleire parallelle forhandlingar) må da bli sett opp mot alternativet å halde fram som eigen kommune.

Deretter vil innbyggjarane bli formelt høyrte - på den måten kommunestyret vedtek. Etter innbyggjarhøyringa skal kommunestyret fatte eit endeleg vedtak.



HJARTDAL
KOMMUNE

www.hjartdal.kommune.no
www.facebook.com/Hjartdalkommune
postmottak@hjartdal.kommune.no

Hjartdal kommune
Saulandsvegen 414
3692 SAULAND

Tlf. 35 02 80 00

Notodden Trykk - Tel: 959 35 078



HJARTDAL
KOMMUNE

VEGEN MOT EIN NY KOMMUNE



Informasjonsbrev nr 3

Kjære innbyggjar!

Dette er det tredje informasjonsbrevet Hjartdal kommune sender ut i samband med kommunereforma som Stortinget har vedteke. Stortinget har vedteke at det skal gjennomførast ei reform - der målet er færre, men meir robuste kommunar. Alle kommunar har blitt oppmoda til å gjennomføre ein "nabopratt" for å sjå på moglegeheitene for kommunesamanslåing.

Hjartdal kommunestyre har fylgt opp dette ved å vedta ein lokal prosess knytt til kommunereforma. Vi er nå inne i fase 2 - vurdering av alternativ.

Prosessen skal gå fram til juni 2016 da Stortinget har sett frist til kommunane om å fatte vedtak om framtidig kommunestruktur.

Lokale mål med kommunereforma

Kommunestyret har vedteke følgjande målsettingar for kommunereforma:

- Eit sterkare fagmiljø
- Større attraksjonskraft
- Eit breiare og meir spesialisert tenestetilbod

Alternativ for Hjartdal kommune


Kommunestyret har bede om at det blir gjort ei utgreiing av følgjande alternativ:

- Hjartdal som eigen kommune
- Samanslåing av Tinn, Notodden og Hjartdal
- Samanslåing av Seljord, Notodden, Sauherad og Hjartdal.

Parallelt med utgreiinga av desse alternativa så skal det skje ein politisk sondering for å klargjere kor realistiske desse alternativa er.

Kommunestyra i Tinn, Notodden og Hjartdal har vedteke at dei ønskjer å starte forhandlingar om ein intensjonsavtale for eventuell kommunesamanslåing.

Sonderingane mellom Seljord, Notodden, Sauherad og Hjartdal har så langt ikkje ført til nokon sak om konkrete forhandlingar.



Forhandlingar mellom Tinn, Notodden og Hjartdal kommunar

Ordførarane, varaordførarane og opposisjonsleiarane i dei tre kommunane vil møtast til det første forhandlingsmøtet 18. august. Forhandlingane vil halde fram utover hausten slik at eit forhandlingsresultat kan bli lagt fram for kommunestyra tidleg i 2016.

Intensjonsavtala det skal forhandlast om skal innehalde tema som

- Mål for ein ny kommune
- Kommunenamn og kommunevåpen
- Tenestetilbod (lokalisering og struktur)
- Kompetanse og tenesteproduksjon
- Kommunikasjon, samfunns- og næringsutvikling
- Økonomiforvaltning
- Framtidige investeringsprosjekt
- Effektivisering
- Kommunen som arbeidsgjevar
- Informasjon
- Lokaldemokrati

I forhandlingane vil det bli lagt vekt på at partane skal vere likeverdige og rause overfor kvarandre. I forhandlingar vil det vere slik at alle partar både må gi og ta.

Din medverknad er viktig!

Det kommunale forhandlingsutvalet ønskjer å få innspel frå innbyggjarane om kva som vil vere viktig i forhandlingane:

- Kva ønskjer vi å behalde?
- Kva ønskjer vi å få?
- Kva er vi villige til å gi frå oss?

Du kan gi uttrykk for ditt syn på dette ved å møte opp på medverknadsmøte

torsdag 27. august kl 18.00-20.00 på klubbhuset i Sauland.